



## Statens vegvesen

OLE KRISTIAN KJENES  
SEIMSSTRANDA 421  
5912 SEIM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/127294-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.07.2018


### Uttale – Flytte eksisterande avkjørsel – fv. 401 – Gnr. 176 bnr. 1 i Lindås kommune

Statens vegvesen viser til søknad mottatt 08.06.2018. Vi var på synfaring 04.07.2018.

#### Kva saka gjeld:

Du søker om å flytte ei eksisterande avkjørsle og stenge den sidan den ikkje tilfredsstillar dagens krav til utforming, *vår referanse fv. 401 hp 1 km 3215*. Du søker om ny avkjørsle om lag 70 meter lenger nord.

Eigedomen er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsføremål* jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås.



*Kart vedlagt søknaden.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Uttale:**

Avkøyrsla ligg lang fv. 401. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 100. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest (2017–2020)*.

Dagens avkøyrslar har dårleg siktforhold. Siktforholda kan betrast dersom ho vert flytta. Etter ei samla vurdering av forholda på staden vil vi sjå positivt på ei flytting av dagens avkøyrslar slik du søker om, dersom den nye avkøyrsla kan tilfredsstillast dei krav vi stiller til utforming.

Det er ikkje avklart kva bruk du søker løyve til. Dei krav vi setter til utforming og dimensjonering av ei avkøyrslar er avhengig av kva avkøyrsla skal nyttast til. Større køyretøy som til dømes lastebil, krev større svingradius. Dersom det er mange som skal nytte avkøyrsla vil vi stille krav om kryssutforming, noko som inneber eit skjerpa krav til sikt i avkøyrsla.

Vi forstår at eigeiendomen også er nytta til andre føremål enn tradisjonelt landbruk. Vi ber deg difor ta kontakt med Lindås kommune for å avklare forholdet til bruken av eigeiendomen. Vi har og sjølv bedt Lindås kommune om ei avklaring i høve til om parkeringsplassen og andre forhold langs fylkesvegen er lovleg anlagt.

Vi meiner det vil vere hensiktsmessig å finne ei god og langsiktig løysing for ny avkøyrslar, tilkomstveg og evt. parkeringsareal som tek i vare alle behova som bruket har.

**Sluttord:**

Det kan påreknast å få løyve til å flytte avkøyrslar slik det er søkt om. Før vi kan gje eit vedtak må du opplyse om kva bruk og kva køyretøy avkøyrsla skal dimensjonerast etter. Dersom avkøyrsla skal nyttast til anna enn tradisjonelt landbruk, skal dette vere avklart med Lindås kommune.

Vi rår til å utarbeide ein samla løysing for tilkomst og parkering.

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*